



Lindås pensjonistlag  
Kåre Bastesen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3447 - 14/18001

Saksbehandlar:  
Astrid Aarhus Byrknes  
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:  
11.08.2014

## Lindåstunet og Lindås kommune

Viser til ope brev i avisa Nordhordland laurdag 5. juli, kor Lindås Pensjonistlag stiller ein del spørsmål rundt prosessen mellom Lindåstunet og Lindås kommune. Sidan brevet kun har vore på trykk i avisene som eit ope brev og ikkje sendt verken Lindås kommune eller ordfører så har det tatt noko tid å svare. Dette fordi ikkje alle politikarar har lest avisene i sommar, då brevet stod på trykk ved inngangen til fellesferien. Brevet er sendt ope til politikarane, og rådmannen har heller ikkje hatt mulighet å svare nettopp fordi det er stila til politikarane. No er gruppeleiarane på plass att ferien, og vi har difor i felleskap svara Lindås pensjonistlag, og vi har valgt å sende svaret direkte utan å gå gjennom avisene, då vert også brevet ført i postsystemet og er tilgjengeleg for framtida.

Vi takkar for det opne brevet og set pris på at Lindås Pensjonistlag engasjerer seg i denne saka spesielt og for dei eldre generelt. Det er nokre moment i brevet vi ønskjer å kommentere: Det har i fleire år vore eit stort engasjement rundt Lindåstunet, både frå Lindåsbygda og frå politikarane i Lindås kommune. Det har det vore brei politisk semje om å støtte opp om drifta på Lindåstunet, nettopp fordi vi har sett at det har vore eit godt tilbud for bebuarane. Vi har sett at fellesskapet på Lindåstunet har skapt høg trivsel, i tillegg har vi sett verdien av det frivillige arbeidet med bebuarar og andre eldre som har nytta dagtilbod. Vi er rett og slett imponert over det arbeidet som Lindåstunet har lagt ned i mange år. Men no har kommunestyret vedtatt å stanse den økonomiske stønaden til Lindåstunet AS, og det er fleire forhold som gjer at dette vedtaket er fatta. Lindåstunet AS er eit selskap som har eit privat bustadtilbod for dei eldre på Lindåstunet. Det betyr at bebuarane på eige initiativ har flytta inn på Lindåstunet, og kvar enkelt har ein privat kontrakt med Lindåstunet AS. Dei åtte bebuarane som det blir vist til i innlegget har altså valt sjølv å ha Lindåstunet som sin eigen heim. Det avtalemessige forholdet mellom den enkelte bebuar og Lindåstunet er Lindås kommune ikkje involvert i. Det Lindås kommune har ansvar for, er å gje nødvendig helsehjelp for dei bebuarane som har krav på det. Ettersom Lindåstunet ikkje er godkjent som ein sjukeheim, er det kommunen si heimeteneste som har ytt desse tenestene til bebuarane på Lindåstunet. Nødvendig og forsvarleg helsehjelp er kommunen forplikta til å levere uansett kor ein innbyggjar bur i kommunen. For å støtte opp om tilbodet på Lindåstunet, har Lindås kommune sidan 2008 gitt ein økonomisk stønad til drifta. Lindåstunet AS har vore heilt avhengig av den økonomiske stønaden for å oppretthalde drifta. Dei siste to åra har kommunen hatt ei grundig drøfting om det vidare samarbeidet med Lindåstunet AS, mellom anna gjennom ulike



forhandlingsgrupper. I denne prosessen har kommunen hatt ein nøye gjennomgang av lovar og regelverk, og det viser seg at den økonomiske stønaden til Lindåstunet AS ikkje er lovleg slik den er innretta i dag. Det betyr at dagens ordning ikkje kan fortsetje. Den økonomiske stønaden til Lindåstunet er gitt i beste meining, men vi er opptatt av å ha ei drift som er innanfor gjeldande lovverk og må rette opp dei feil som er gjort. Derfor er det fatta eit vedtak om å stanse den økonomiske stønaden til Lindåstunet AS, og vi presiserer at kommunestyret IKKJE har lagt ned Lindåstunet AS, det kan vi ikkje gjere då Lindåstunet er heilt privat og drive som eit aksjeselskap. Pensjonistlaget stiller spørsmål om kor sjølvrespekten er i forhold til vedtaket og om vi har samvit til å la dette skje, i tillegg ber de om oss legge tilbodet ut på anbod. Vi ser heilt klart at vedtaket vil skapa utfordringar for bebuarar og for Lindåstunet AS som selskap, og vi skulle gjerne sett at tilbodet blei oppretthalde. For oss handlar ikkje dette om sjølvrespekt eller samvit, vi som folkevalte i kommunestyret er ansvarleg for at kommunen driv på ein lovleg og forsvarleg måte, og det er det denne saka handlar om. Om kommunen skal ut med eit anbod, har ein ikkje tatt stilling til enno. Kommunen held på å utarbeide ein overordna helse- og omsorgsplan, og den skal seie noko om kva for tenester kommunen skal satse på i framtida.

I vedtaket frå 12.06.14 har rådmannen fått fullmakt til å gjennomføre ein prosess for å avslutte samarbeidet med Lindåstunet AS, og frå politisk side blei det presisert at ein ønskjer å legge opp til ein god prosess, både for bebuarar og for selskap. For bebuarane handlar det om å finne ein anna stad å bu, anten gjennom eit kommunalt tilbod eller på andre måtar. For selskapet Lindåstunet AS må ein vurdere den vidare drifta. Vi har forstått det slik at det er god dialog mellom rådmannen og styret i Lindåstunet AS vedrørende denne prosessen.

Til slutt vil vi takka Lindåstunet og Lindåstunets vener for eit stort og viktig arbeid innan eldreomsorga i Lindås kommune gjennom mange år, og håper det vil fortsetje.

På vegne av Lindås kommunestyre

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes  
ordførar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakarar:**  
Lindås pensjonistlag